


# KYSTSONEPLAN FOR FJELL KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØOMRÅDA

O-88148  
E-90413  
E-91422



Fjell kommune • Norsk institutt for vannforskning



# NIVA - RAPPORT

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

<b>Hovedkontor</b>	<b>Sørlandsavdelingen</b>	<b>Østlandsavdelingen</b>	<b>Vestlandsavdelingen</b>
Postboks 69, Korsvoll 0808 Oslo 8	Televeien 1 4890 Grimstad	Rute 866 2312 Ottestad	Brevikeni 5 5035 Bergen-Sandviken
Telefon (02) 23 52 80	Telefon (041) 43 033	Telefon (065) 76 752	Telefon (05) 95 17 00
Telefax (02) 39 41 89	Telefax (041) 43 033	Telefax (065) 78 402	Telefax (05) 25 78 90

Prosjektnr.:	O-88148 E-90413/91422
Undernummer:	
Løpenummer:	2679
Begrenset distribusjon:	

Rapportens tittel:	Dato:  07.01.92
Kystsoneplan for Fjell kommune Kommunedelplan for sjøområda	Prosjektnummer:  O-88148 E-90413/91422
Forfatter (e):  Jan Sørensen	Faggruppe:  VRF
	Geografisk område:  Hordaland
	Antall sider (inkl. bilag):  22

Oppdragsgiver:  Fjell kommune	Oppdragsg. ref. (evt. NTNF-nr.):
-------------------------------------	----------------------------------

Ekstrakt:	Kystsoneplanen for Fjell har status som kommunedelplan med rettsleg bindande verknad i høve til plan og bygningslova. Planen trekkjer opp strategiar og retningsliner for bruk og vern av sjøområda. Det er eit overordna mål å fremje ei optimal og bærekraftig ressursforvaltning og bruk av sjøområda, samt å redusere og førebyggje konfliktar mellom ulike interesser. Planen legg vinn på å styre lokaliseringa av oppdrettsverksamhet bort frå terkelområde med forureiningsproblem til område med høgare kapasitet. LENKAs berekningar saman med konkrete resipientgranskningar utgjer ein viktig fagleg basis i planen.
-----------	--

4 emneord, norske:

1. Kommunedelplan
2. Kystsonen
3. Arealdisponering
4. Retningsliner

4 emneord, engelske:


- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Prosjektleder:



Jan Sørensen


For administrasjonen:



Dag Berge

ISBN 82-577-1995-1

# PLANDOKUMENT




Framlegget til kystsoneplan for Fjell kommune består av følgjande *delar*:

- I. Arealplan - tekstdel med plankart
- II. Temakart.

Desse *temakarta* ligg føre:

1. Utbygging, samferdsle og kommunalteknikk.
2. Fiske, akvakultur og ringverknader.
3. Friluftsliv, naturvern og kultur.

I tillegg er følgjande *rapporatar* og *arbeidsnotat* utarbeidd i samband med planen:



- Fylkeskonservatoren i Hordaland 1989: Verneverdige kulturminnemiljø i kystsona i Fjell kommune. Forprosjekt til kystsoneplanen.
- NIVA 1989: Oversikt over planar, vedtak, utgreiingar m.v. som bør leggjast til grunn for arbeidet med kystsoneplanen.
- NIVA 1989: Kartlegging av eigna område for akvakultur.
- NIVA 1989: Mål, utfordringar og anbefalte prinsipp for arealdisponeringa.
- NIVA 1989: Resipientundersøkingar hausten 1989.
- NIVA 1990: Vurderingsgrunnlag for planlegging av akvakultur.

## FORORD

Formannskapet i Fjell kommune har vore styringsgruppe og har trekt opp rammene for planarbeidet.

Framlegget til kystsoneplan er utarbeidd av ei særskilt oppnemnd prosjektgruppe. Kommuneplanleggjar Atle Justad har koordinert planarbeidet i kommunen.

Norsk institutt for vannforskning, NIVA, ved forskningsleiar Jan Sørensen har vore konsulent for planarbeidet.

Planen er bekosta av Fjell kommune. I tillegg har NIVA bidratt med eigne midlar m.a. innan tilrettelegging av LENKA-materiale for kystsoneplanen.

Vi takkar politikarane, lokale interesseorganisasjonar og publikum i Fjell kommune, etatar og instansar på fylkesnivået m.fl. for engasjert deltaking i planarbeidet.

Oslo, 20.12 1991

Norsk institutt for vannforskning - NIVA  
Jan Sørensen

# INNHOLD

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>5</b>
1.1 Vedtak om planarbeid.....	5
1.2 Planavgrensing .....	5
1.3 Organisering.....	5
<b>2. FØRESETNADER OG UTFORDRINGAR .....</b>	<b>7</b>
2.1 Kystkommunen Fjell.....	7
2.2 Situasjonsskildring.....	7
2.3 Utfordringar .....	8
<b>3. MÅL OG STRATEGIAR.....</b>	<b>10</b>
3.1 Overordna mål .....	10
3.2 Generelle strategiar .....	10
3.3 Sektorane .....	10
3.3.1 Akvakultur.....	10
3.3.2 Fiske .....	12
3.3.3 Skjelsandopptak.....	13
3.3.4 Friluftsliv.....	13
3.3.5 Naturvern.....	14
3.3.6 Kulturvern .....	14
3.3.7 Samferdsle.....	14
<b>4. AREALPLAN .....</b>	<b>15</b>
4.1 Rettsverknader.....	15
4.2 Arealdisponering med retningsliner.....	15
<b>5. REGLAR FOR SAKSHANDSAMING.....</b>	<b>20</b>
5.1 Hovudrevisjon og rullering.....	20
5.2 Uttale frå kommunen i einskildsaker .....	20
5.3 Kommunale vedtak i einskildsaker .....	21
<b>PLANKART .....</b>	<b>22</b>

# 1. INNLEIING

## 1.1 Vedtak om planarbeid

Fjell kommunestyre vedtok første gong 26.06.86 at det skulle utarbeidast ein *kystsoneplan* for kommunen. Bakgrunnen for dette var behovet for å avklare dei aukande interessemotsetnadene i kystområda. I same tidsrom trådte den nye Plan- og bygningslova ikraft, og med den vert det gjeve heimel for planlegging i sjøområda.

Norsk institutt for vannforskning, Vestlandsavdelinga, fekk i oppdrag av kommunen å utarbeide eit *forprosjekt/program* for gjennomføring av planarbeidet.

Den 21.07.88 vedtok formannskapet at arbeidet med planen skulle setjast igong i høve til det programmet som lå føre.

## 1.2 Planavgrensing

Kystsoneplanen (arealdelen) gjeld *sjøområda* i Fjell kommune. Planen er *koordinert* med planar og arealbruk på land, men omfattar ikkje landområde.

*Grensene i sjø* mot nabokommunane er ikkje fastsett juridisk. Avgrensinga i sjø følgjer derfor dei grenser som er vist i topografisk kartserie M 711 i målestokk 1:50 000.


Planen omfattar i utgongspunktet *alle* interesser og aktivitetar som nyttar sjøområda i Fjell, men legg særleg vekt på *akvakultur*, då dette er den viktigaste *utbyggingsinteressa* i sjøområda.

Kystsoneplanen er utforma etter reglane i *Plan og bygningslova* og har status som *communedelplan* for sjøområda.

Ein har ikkje hatt ambisjonar om å handsame alle problem og oppgåver i denne første planfasen. Planarbeidet har vore *konsentrert* om dei oppgåvene ein har sett som viktigst løyse i denne fasen. Andre aktuelle oppgåver bør vurderast nærmare ved *rullering* av planen. Det planarbeidet som ligg føre er såleis starten på ein *kontinuerleg prosess*.

## 1.3 Organisering

Kystsoneplanarbeidet i Fjell starta i 1988 etter vedtak i kommunestyret. *Formannskapet* har vore *styringsgruppe* for arbeidet.



Den *praktiske* delen av planarbeidet har vore utført av *faggruppa/prosjektgruppa* som har hatt denne samasetjinga:

- Atle Justad, kommuneplanleggjar
- Odd Skoge, teknisk sjef
- Einar Lunde, avd. ingeniør
- Else Marie Kind Hevrøy, kulturkonsulent
- Kåre Møgster, fiskerirettleiar
- Jan Sørensen, forskningsleiar NIVA.

Instansane på *fylkesnivå* og *statleg nivå* har vore informert om planarbeidet og har skaffa fram naudsynt informasjon. Lokale fiskarlag og oppdrettarar har vore kontakta m.o.t. prioritering av område.

*Publikum* og *brukarar* i Fjell har vore informert gjennom ei informasjonsbrosjyre og gjennom lokalpressa. Kommunen har motteke ei rekke innspel og meiningsytringar som har vore vurdert i samband med planutforminga (jfr. Kystsoneplan for Fjell - meldingar og skriv).

## 2. FØRESETNADER OG UTFORDRINGAR

### 2.1 Kystkommunen Fjell

Fjell kommune i Hordaland er ein *kystkommune* med 147km<sup>2</sup> areal. Ca. 3/4 av arealet ligg lågare enn 60m.o.h. Kommunen har meir enn 500 øyer og holmar og ei kystline på totalt 288km. Kommunen grensar til nabokommunane Askøy, Bergen, Sund og Øygarden. *Folketallet* i kommunen pr. 1.10.90 var 14874 personar. Fjell er ein av kommunane i Hordaland med størst årleg folketilvekst. Frå kommunesenteret Straume til Bergen sentrum tek det ca. ein halv time med bil eller buss.

### 2.2 Situasjonsskildring

Fleire *næringer* i Fjell, særleg *fiske* og *akvakultur* (oppdrett) er sterkt knytta til sjøområda.

*Akvakultur* har vorte ei viktig vekstnæring. Fjell har eigna område for oppdrett, men mykje av sjøarealet er anten eksponert for vind og bølgjer eller skjerma terskelområde med dårlig vassutskifting. Dei fleste anlegga ligg på vestsida av kommunen. Meir robuste oppdrettsanlegg eller annan teknologi som gjer det mulig å ta i bruk dei opne sjøområda, vil kunne løyse ut store ressursar. Behovet for oppdrettslokalitetar er aukande. Dette skuldast m.a. ønske om å skilje fiske-generasjonane, "vekselbruk" mellom fleire lokalitetar og behov for reservelokalitetar ved naudflytting. *Havbeiting* kan med tida utviklast til ei alternativ oppdrettsverksem. Det vert m.a. dreve eit forsøksprosjekt i nabokommunen Sund. Fjell vil følgje utviklinga på dette feltet.

*Fiske* er ei tradisjonell næring i Fjell. Talet på fiskarar har vore relativt stabilt dei seinare åra. Fiske er og ein viktig fritidsaktivitet. Det finst ei rekke mykje brukte fiskeområde, kaste- og låssettingsplassar og plassar for fiske etter laks med kilenot eller krogarn.

Det er registrert aukande interesse for opptak av *skjelsand* frå sjøbotn. Skjelsandopptak er konsesjonsbelagt. Skjelsand vert nytta til ulike føremål, m.a. jordforbetring, kalking av surt vatn og til strøsand. Ein veit lite om konsekvensane av verksemda på miljøet.

Fjell har utilfredstillande tilhøve når det gjeld handsaming avkommunal *kloakk*. Utslepp av kloakk til sjøresipient skjer dels gjennom kommunale leidningar med slamavskiljar og dels i form av separate avlaupsordningar direkte frå busetnaden. Vidare bustadbygging skal skje ved utfylling av eksisterande felt. Dette vil gje betre høve til å kontrollere utsleppa. Samstundes vil dette kunne føre til auka belastning på dei resipientane som frå før er belasta.

Det er registrert ein konsesjon (Statens Forureiningstilsyn - SFT) for *industriutslepp* til sjø i Fjell. A/S Norwegian Talc i Knarrevik har utslepp av industrielt og sanitært avlaupsvatn. Det vil vere ein viss *risiko* for utslepp til ein del resipientar, m.a. Eidesosen (frå Sotra Renovasjon a/s på Eide) og i samband med utbygging av industriområda i kommunen, m.a. på Vindeneskvarven og på Ågotnes kor oljebasen Coast Center Base (CCB) disponerer eit større industriområde.

Veksten i folketallet og antal bustader i Fjell har ført til sterkt press på *strandsona* der busettinga ligg konsentrert. Dette gjeld særleg områda på austsida - på Little-Sotra og Bildøy. Fjell har og vore eit attraktivt område for oppføring av *fritidsbustader* og *hytter*. Utbygginga har dels vore lite styrt, og mange stader er bandlegging og privatisering av strandsona ei barriere for ålmen ferdsle og tilkomst til sjøen.

Folkeauka i kommunen og nærlieken til dei store konsentrasjonane i Bergensregionen gjer at behovet for *frilufts- og rekreasjonsområde* er stort. Fjell har attraktive område for båtutfart, bading og fritidsfiske. Ein del område er sikra og tilrettelagt, men det behov for fleire område - særleg i tilknytning til bustadfelta.

Det finst fleire verna og verneverdige *naturområde* i Fjell. Område som er knytt til sjøen og strandsonen er særleg sjøfuglområde, havstrandlokalitetar og marine biotopar og spesialområde med fleire verneverdiar. "Bit for bit" utbygging av urørte område er eit aukande problem som etterkvart kan endre landskapskarakteren.

Fjell har fleire område med særprega *kystkultur* som t.d. verneverdige sjøbruksmiljø og naust. Fylkeskonsevatorene i Hordaland har i samband med kystsoneplanarbeidet gjennomført ei kartlegging og gradering av kulturminne i Fjell. Bygningar o.l. er ein del av *kulturlandskapet*. Bruksendringar og tekniske inngrep kan redusera verdien av slike område.

Det er utarbeida ein plan for *reiselivet* for Sotra der Fjell kommune er med. Konseptet skal i hovudsak rettast inn mot såkalla opplevingsferiar. Reiselivproduktet er i første rekkje særprega kystr natur og ny og gammal kystkultur.

Viktige *skipssleier* går gjennom Fjell kommune. Hovudskipssleia til/frå Bergen hamn passerar på austsida gjennom relativt trонge sund. Det finst ei rekkje *kaier* og *hamner*. Fjell er med i eit interkommunalt hamnesamarbeid og er ein alternativ lokaliseringsstad for *regionhamn /landsdelshamn*.

Fjell ligg i kort avstand til *sjøforsvarets* marinebase på Haakonsvern i Bergen kommune. Forsvaret legg særleg vekt på at sund og farleier vert haldne opne og fri for hindringar og installasjonar som t.d. oppdrettsanlegg.

## 2.3 Utfordringar

Det finst frå før av ikkje noko samla registreringar for sjøområda i Fjell. Det er såleis behov for å samanstille *informasjonsgrunnlaget* og betre *kunnskapen* om naturgrunnlag og brukstilhøve.

Kystområda i Fjell er *fleirbruksområde* med innslag av ei rekkje *lokale* og *regionale* interesser. Dette har i ein skilde område ført til *interessemotsetnader* mellom tradisjonelle aktivitetar og nye bruksformer.

Det har i dei seinare åra oppstått eit aukande *press* på areal og sjøresipientar og *bandlegging* av område med *særskilte miljøeigenskaper* (t.d. skjerma område med god vassutskiftning).

*Forureining* er i ferd med å bli eit problem i ein del lokale resipientar. Dette skyldast m.a. lite tilfredsstillande *kloakkeringstilhøve*, dårlig rensekapasitet og at kloakkavlaup vert ført ut i svake resipientar. I tillegg kjem vesentlege tilførslar av næringssalt og organisk materiale frå *oppdrettsanlegga*.

Dei endra brukstilhøva og utviklinga/veksten innan fleire aktivitetar - ikkje minst den raske utviklinga innan *akvakulturnæringa* - har særleg medverka til dei nye problema og planoppgåvene i kystsona.

Følgjande *oppgåver* og *hovudutfordringar* er identifisert:

- Skaffe fram kunnskap om ressursar og arealbruk i/på sjø

- Redusere presset på og forureininga av sårbare ressursar, areal og resipientar
- Arbeide for ei meir styrt og miljøretta areal- og ressursforvaltning
- Avklåre interesseomsetnader og konfliktar
- Sikre eigna område for viktige næringar og andre aktivitetar
- Sjå arealbruk og ressursutnytting i eit heilskapleg perspektiv for å sikre ei balansert og framtidssretta utvikling.

## 3. MÅL OG STRATEGIAR

### 3.1 Overordna mål

Det overordna mål for kystsoneplanen er:

*Planen skal medverka til ei optimal og bærekraftig ressursforvaltning og bruk av sjøområda og legge vinn på å førebyggje og redusere konfliktar mellom ulike brukarinteresser.*

### 3.2 Generelle strategiar

Lokalisering og avgrensing av dei einskilde føremåla i planen skal så langt råd er tilpassast dei *naturgjevne føresetnader og toleevna* til miljøet.

Utbyggingstiltak og forureinande verksemd på sjø skal i hovudsak *avgrensast* frå område kor det er dokumentert dårlige recipientforhold eller uheldige verknader på sårbare område. Det er i den samanheng teke omsyn til eventuell *forureiningstransport og spreidning* i vannmassene.

Det er i hovudsak lagt vekt på å fysisk skilje område for utbygging frå område som skal prioriterast for ålmen ferdslle og ambulerande verksemd. Det er sett krav om ei *minimumsavstand* (buffersone) mellom interesser som lett kjem i konflikt med kvarandre. Dei retningsliner som m.a. er gjeve i Fylkeskystplanen for Hordaland 1990 er i den samanheng lagt til grunn.

Grunna raske endringar i planføresetnadene er planen gjort relativt *grovmaska* og *fleksibel*, dvs. at det ikkje er lagt opp til nokon detaljstyring. Likevel er det eit viktig føremål med planen å *forenkle handsaminga* av einskildsaker. Det er såleis peikt ut ein del spesialområde (t.d. område for friluftsliv, område for akvakultur etc.) - der arealet i utgangspunktet er *øyremerka* for den bruk som framgår av planen. I desse områda skal andre interesser vika. Det meste av sjøarealet er imidlertid avsett til ulike kategoriar *fleirbruksområde* der interessane er *sideordna*.

Det er gjeve nærmare *retningsliner* til dei einskilde planføremåla.

### 3.3 Sektorane

#### 3.3.1 Akvakultur

Fiskeoppdrett er den mest omfattande *utbyggingsinteressa* på sjø.

Interessa for oppdrett har vore høg, og dei seinare åra har kommunene handsama eit stort antal søknader kvart år. Interessa har i det siste gått noko ned grunna redusert lønsemd innan næringa.

Antal oppdrettskonsesjonar pr. 1.1.91.

TYPE OPPDRETT	ANTAL KONSESJONAR
Laks og aure, matfisk	11
Marine artar, matfisk	7
Laks og aure, setjefisk (smolt)	9
Skalldyr	1
TOTALT	28

2 av konsesjonane for laks/aure er 3 gonger større enn maksimalt tilte volum for vanlege konsesjonar. Dei 11 konsesjonane for laks/aure i Fjell tilsvrar derfor 15 vanlege konsesjonar.

Kvar konsesjon har ofte meir enn ein lokalitet. Nokre av konsesjonane (særleg marine artar og setjefisk) er heilt eller delvis ute av drift).

*Oppdrettsvolum, omsetjing etc.* for 1988 og -89.

Type oppdrett	Konsesjonsvolum (m <sup>3</sup> ) /antal (stk) / daa		Omsetjing i tonn	
	1988	1989	1988	1989
Laks og aure	144000m <sup>3</sup>	159000m <sup>3</sup>	4265 t	4345
Marine artar	14000m <sup>3</sup>	14000m <sup>3</sup>	-	-
Setjefisk (smolt)	1.5mill.stk	2mill.stk	-	-
Skalldyr	12 daa	12 daa	-	-

*Omsetjingsverdien* (eks. avg.) i 1989 for laks og aure var ca. 127 mill kr. For setjefisk var omsetjingsverdien ca. 5.5. mill. kr.

Kommunen har to *slakteri/pakkeri* i drift i Møvik og Sekkingstad.

Oppdrettsnæringa utgjorde i 1989 omlag 72-73 årsverk (produksjon). Innan slakting/pakking og foredling vart det i tillegg utført ca. 60 årsverk.

Matfiskanlegga i Fjell har trong for betydelege areal om ein legg til grunn sikringssonene kring anlegga. Det er i høve til Saltvannsfiskelova ikkje lov å ferdast nærmare oppdrettsanlegg enn 20m, medan fiske er forbode innan ei sone på 100m. Eit anlegg båndlegg juridisk sett 65 daa sjøareal. Setjefiskanlegg båndlegg og store område på land. Det er vanleg å rekne eit arealbehov på ca. 5 daa til setjefiskanlegg. I tillegg medførar anlegga uttak av betydelege vassmengder (ferskvatn), noko som kan gje opphav til konfliktar med andre vassavhengige brukarinteresser.

Anlegga slepp ut *næringssalt* og *kjemiske stoff/antibiotika*. I følgje LENKA (Landsomfattende egnethetsvurdering av den norske kystsonen og vassdragene for akvakultur) slepp eit anlegg på 12000m<sup>3</sup> (tilsvarande 300 tonn fisk, førfaktor 1.4) ut ca. 27 tonn nitrogen og 3.2 tonn fosfor pr. år. Til samanlikning tilsvrar dette tilførsle (i mengde) av kloakk frå ei befolkning på 6200 menneske (p.e) når det gjeld nitrogen og 4400 p.e for fosfor. Forureiningsverknadene av næringssalttilførsla frå dei ulike kjeldene kan imidlertid ikkje samaliknast direkte. Utslepp av næringssalt frå oppdrettsverksemeld verkar truleg mindre belastande på resipienten enn t.d. utslepp frå kommunal kloakk.

Vel 45% av anlegga ligg i område med dårleg recipientkapasitet (terskelområde) - innan LENKA C-soner. Også dei meir opne områda, LENKA B-sonene - er totalt sett overbelasta. Situasjonen gjer at forureiningsproblema i *einskilde område* vil verte forsterka. Dette gjeld m.a. område der det i tillegg kjem betydelege tilførslar frå kommunale avlaup.

LENKA tilrar følgjande *øvre grenser* for produksjon innan dei ulike LENKA-sonene:

A-soner: 60 tonn fisk pr. km<sup>2</sup> pr. år.

B-soner: 30 tonn fisk pr. km<sup>2</sup> pr. år.

C-soner: 15 tonn fisk pr. km<sup>2</sup> pr. år.

Dersom sona i tillegg får tilført næringssalt frå *andre kjelder* (avlaup, jordbruk, industri) må dette takast med i kapasitetsvurderinga.

*Ein vil ikkje generelt gå inn for nokon auking av oppdrettsverksemda i C-områda. På lengre sikt er det ønskjeleg å redusere bruken av desse områda for å minske risikoien for forureining. Nylokaliseringar/omlokaliseringar bør primært skje i område med god recipientkapasitet - innan LENKA A- og B-sonene.*

*B-sonene er totalt sett dei best eigna områda i Fjell, sidan A-områda for ein stor del er for eksponerte. Ein går derfor inn for at desse områda so langt det er tilrådeleg vert fullt utnytta.*

Tidlegare tilrådde fiskeristyresmaktene at det vart avsett lokalitetar for *naudflytting* av oppdrettsanlegg (naudlokalitetar) ved t.d. sjukdomsutbrot, algeoppbløming e.l. Dette er ikkje aktuelt/lovleg lenger pga. auka risiko for smittespreidning.

Aukande problem med sjukdom kan gjere *landbasert oppdrett* meir aktuelt med tida. Landbaserte anlegg må lokaliserast i strandsona og ha inntaks- og utsleppsleidningar til eigna sjørecipient. Det har føreløpig vore lite interesse for landbasert oppdrett i Fjell, truleg grunna høge investeringskostnader.

*Lokalisering av oppdrettsanlegg på land bør primært skje i tilknytning til dei områda på sjø kor akvakultur er tillatt i høve til planen.*

*Avgrensing av område på land for oppdrettsføremål (inkl. setjefiskanlegg) bør takast opp i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen (land-delen).*

Miljøverndepartementet har utarbeida utkast til nye retningslinjer for handsaming av konsesjonssøknader for oppdrett. Det er m.a. føreslege avstandskrav i høve til frilufts- og naturvernområde. Dersom retningslinene vert vedteke, må dei nye føresetnadene innarbeidast i planen (rulling).

### 3.3.2 Fiske

*Kystfiske* er både ei tradisjonell næring og ein viktig fritidsaktivitet både for dei som bur i kommunen og for folk utanfrå.

*Viktige fiskeområde og trålfelt bør sikrast mot utbygging og bandlegging som kan hindre utnyttinga.*

Det bør særleg leggjast vekt på å sikre *fiskeplassar* med god geografisk spreidning og område som fungerar som gyte- og oppvekstområde.

*Dei viktigaste kaste- og låssetjtingsplassane som er høgt prioritert av fiskerinemdl/fiskarlag bør disponerast til denne verksemda.*

I 1988 vart det fanga over 11 tonn laks og aure i Fjell med *drivgarn, krokgarn* eller *kilenot*. Drivgarnfiske vart forbode i 1989. Fiske med krokgarn og kilenot er knyta til strandretten. I regelen vert det ikkje tillatt lokalisering av oppdrettsanlegg nærmare enn 100m frå desse plassane.

*Ein fiskeindustribedrift* i Solsvik tek imot krabbe/reker. Næraste *fiskemottak* finst i Telavåg, Sund kommune og i Blomvågen, Øygarden kommune.

### **3.3.3 Skjelsandopptak**

Område kor det er gjeve konsesjon for opptak av *skjelsand* er vist i planen. For denne verksemda gjeld særskilte *vilkår* som er fastsett av konsesjonsstyresmaktene (Næringsdepartementet).

Det er aukande etterspurnad etter skjelsand og voksende interesse for opptak.

Skjelsandopptak påverkar miljøet og *kan* føre til dårlegare vassutskiftning og auka erosjon på strender i nærleiken og kan soleis gje negative konsekvensar for t.d. fiske, akvakultur, friluftsliv m.v.

*Ein ønskjer inntil vidare å vere restriktiv m.o.t. opptak av skjelsand og planen legg derfor i denne omgang ikkje opp til auking eller utviding av denne verksemda. Nye område for skjelsandutvinning bør vurderast særskilt ved rullering av planen.*

### **3.3.4 Friluftsliv**

Friluftsliv i tilknytning til sjøen er *bading, båtbruk, seglsport og fritidsfiske* og andre meir spesialiserte aktivitetar som dykking, brettsegling etc.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har i samarbeid med kommunen sikra ein del landområde i tilknytning til sjø. BOF har planar om sikring og utviding av fleire område. I handlingsprogram for friluftslivet i Hordaland er det peikt på behovet for å sikre område i dei mest folkerike delane av kommunen - i nærleiken av bustadområda.

*Område som er særskilt attraktive for friluftsliv på sjø og sjøområde i samband med viktige friluftsområde på land bør prioriterast for friluftsliv.*

*Det bør ikkje tillatast lokalisering av oppdrettsanlegg i nærleiken av registrerte badeplassar og etablerte, sikra friluftsområde på land som grensar til sjøen.*

Ved avgrensning av friluftsområde på sjø bør det takast omsyn til både *opplevingsverdiar* og dei funksjonelle krav aktivitetane set.

### 3.3.5 Naturvern

Verneinteresser knytta til sjøområda er i første rekke *sjøfuglområde, våtmarks- og havstrandsområde, marine biotopar/spesialområde og landskap.*

*Særleg verneverdige naturområde i sjø bør sikrast mot inngrep og utbyggingstiltak.*

*Det bør ikkje tillatast etablering av oppdrettsanlegg i nærleiken av sikra naturvernområde.*

### 3.3.6 Kulturvern

Fylkeskonsevatoreni Hordaland har i samband med kystsoneplanarbeidet gjennomført ei registrering av *verneverdige sjøbruksmiljø.*

*Det bør ikkje lokalisera oppdrettsanlegg i nærleiken av dei viktigaste sjøbruksmiljøa.*

Gamle *skipsvrak* og kulturminne på sjøbotn framgår ikkje av planen eller på temakarta. Det er ikkje ønskjeleg at desse lokalitetane vert offentleg kjend då slike opplysningar kan verte misbrukt.

*Fornminne* er ikkje systematisk registrert, men er automatiskt *freda* etter kulturminnelova.

### 3.3.7 Samferdsle

*Sjøveis ferdsla* er viktig i Fjell sjølv om dei fleste busette områda idag har vegtilknytning. Skipslieier og område for ferdsle på sjø inngår i dei ulike *fleirbruksområda.*

Særleg viktige ferdsleområde er Hjeltefjorden, austsida av Litle-Sotra/Bjørøy og Kobbaleia. Sollsviksundet ved Misje er viktig passasje mellom aust- og vestsida av kommunen.

Områda Vindenes/Ågotnes er vurdert i samband med lokalisering av eit *regionalt hamneanlegg.*

*Etablerte hamner, særskilt eigna eller tilrettelagde område og område som ein ønskjer å disponere til hamneføremål bør sikrast. Dette gjeld m.a. Vindenes/Ågotnes, områda som inngår i planlagt utbyggingsområde for regionhamnfase 1, 2 og frihamn.*

## 4. AREALPLAN

Arealdisponeringa framgår av *plankartet*. Inndelinga i *arealkategoriar* er gjort i høve til Plan og bygningslova, § 20-4. Dei einskilde planføremåla er ført opp under hovedkategori nr. 4: *Andre områder som er båndlagt for nærmere angitte formål*, hovedkategori nr. 5: *Område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, herunder ferdsels-, fiske-, akvakultur-, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon med en eller flere av de nevnte bruks-kategorier* og hovedkategori 6: *Viktige ledd i kommunikasjonssystemet*.

### 4.1 Rettsverknader.

Arealdelen er *juridisk bindande* når planen er endeleg godkjend av kommunestyret. Det vert førtutsett at dei *retningsliner* som spesifiserar føremåla i planen vil ha same status som bindande føresegner når sektor- og planstyresmaktene formelt har gjeve sitt samtykke.

*Verknadene* av planen er i høve til § 20-6 i Plan- og bygningslova:

*Arbeid og tiltak som nevnt i paragrafene 84 og 93, samt frådeling av eigedom til slike føremål må ikkje vere i strid med den arealbruk eller dei føresegner (retningsliner) som er fastsett i planen. Det same gjeld andre tiltak som vil vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen.*

Arbeid og tiltak gjeld kun *faste installasjonar* og *byggetiltak*. Planen har ikkje direkte styring med ambulerande verksemd som t.d. fiske og ferdsle. Døme på arbeid og tiltak som vert ramma av rettsverknadene er :

- Akvakulturanlegg
- Hamneanlegg/større moloar
- Bølgjekraftanlegg
- Rørleidningar og kablar (ikkje olje- og gassleidningar)
- Opplagsplassar for skip
- Innretningar for opptak av sand og grus frå sjøbotnen
- Større utfyllingar og dumping
- Sports- og idrettsanlegg (t.d. regattabaner).

Tradisjonelt fiske, låssetting av fisk og taretråling er å rekne som *ambulerande verksemd* og vert ikkje ramma av rettsverknadene. For låssetting av fisk i nærleiken av oppdrettsanlegg gjeld regelen om ferdsleforbod på 20m kring oppdrettsanlegga.

### 4.2 Arealdisponering med retningsliner

#### Friluftsområde som er sikra - SF

- \* *Lakseskjer*
- \* *Olsvik i Vindenespollen*
- \* *Myntevik i Skogvågen*
- \* *Fjellstrand/Kårtveitpollen*
- \* *Lønøy*
- \* *Kallsøyane*
- \* *Hitsøy*

- \* *Duøy*
- \* *Narøy*
- \* *Ystholmane*
- \* *Små Geitarøy*
- \* *Søre Klovholmen*
- \* *Langøyholmane*
- \* *Kobbevågen på Lokøy*
- \* *Nord og sørsiden av Barmane på Algrøy*
- \* *Inste Senholmen og V. Lyngholmen.*

### Naturvernområde (sjøfuglreservat) som er sikra - SN

- \* *Lønøy*
- \* *Ringaskjer*

### Fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde - FFNF

\* *Sjøområde som ikkje er disponert til andre særskilte føremål.*

**Retningsliner:** Føremålet skal i hovudsak sikre områda mot faste installasjonar og tiltak som kan vere til hinder eller ulempe for ålmene interesser, t.d. ferdsle, fiske, friluftsliv og anna ambulerande bruk av området. Utbyggingstiltak kan etter grundig vurdering tillatast dersom dei ikkje kjem i nokon vesentleg konflikt med dei ålmenne interessene. Konsekvensane av eventuelle utbyggingstiltak må derfor klårgjerast i kvart einskild tilfelle.

Det vert ikkje sett krav om at eksisterande oppdrettskonsesjonar for akvakultur må flytte ut av områda dersom ikkje konsesjonsstyremaktene gjer framlegg om dette i høve til oppdrettslova eller forureiningslova. Utviding av anlegg inntil 12000m<sup>3</sup> eller tilsvarende i produksjonsmengd skal tillatast. Konsesjonar som fell bort skal i utgongspunktet ikkje erstattast med nye.

### Akvakultur, fiske- og ferdselsområde - AFF

\* *Dei ytre sjøområda på vestsida frå kommunegrensa mot Øygarden i nord til kommunegrensa mot Sund i sør.*

**Retningsliner:** Dei ulike interessene som inngår i desse fleirbruksområda er i utgongspunktet likestilte. Lokalisering av oppdrettsanlegg kan skje i området på plassar kor anlegga ikkje kjem i vesentleg konflikt med ferdsle og fiske.

Lokalisering av oppdrettsanlegg må dessutan ikkje skje nærmere enn 200m frå registrerte badeplassar, sikra friluftsområde, sikra naturvernområde og særskilte kulturminne (sikra friluftsområde og naturvernområde er vist på plankartet, badeplassar og kulturminne framgår av temakart nr. 3 - jfr. vedlegg). Lokalisering må heller ikkje skje i regulerte, oppmerka skipsleier.

## Skjelsand, fiske og ferdslsområde - SFF

- \* Område vest for Maiøy (vest for Turøy)
- \* Område vest for Gullo (Landroøyene)
- \* Område vest for Sandøy (Landroøyene)
- \* Område ved Leiholmen (nord for Dyrøy)
- \* Område sør for Dyrøy
- \* Område nordvest for Algrøy

**Retningsliner:** Opptak av skjelsand kan føregå etter dei reglar og vilkår som er sett av konsesjonsstresmaktene.

## Akvakulturområde - AK

Tilrådd maks. utnytting i m<sup>3</sup>

* Austsida av Misje (Misjeosen)	24 000
* Område sør og søraust for Turøy	36 000
* Vestsida av Misje	12 000
* Syltøyosen	12 000
* Søraustsida av Rotøy	12 000
* Nordaustsida av Little-Sotra (sør for Saltskohamn)	12 000
* Geitanger	24 000
* Kobbaleia	36 000
* Skogsvågen	12 000

**Retningsliner:** Føremålet skal sikre eigna område for akvakultur. Andre interesser må i utgangspunktet vike i konfliktsituasjonar (med dei unnatak som framgår av retningslinene).

Lokalisering av oppdrettsanlegg må likevel ikkje skje nærmare enn 200m frå registrerte badeplassar, sikra friluftsområde, sikra naturvernområde og særskilte kulturminne (sikra friluftsområde og naturvernområde er vist på plankartet, badeplassar og kulturminne framgår av temakart nr. 3 - jfr. vedlegg). Lokalisering må heller ikkje skje i regulerte, oppmerka skipsleier.

Når det gjeld utnyttinga av resipientkapasiteten innan området er det sett opp tilrådde maksimaltal for utnytting (antal m<sup>3</sup>) for dei einskilde områda.

## Fiskeområde - FI / kaste- og låssettingsplassar - KL

- \* Landroosen (FI)
- \* Knappane på vestsida av Turøy (KL)
- \* Svartskjerosen ved Turøy (FI)
- \* Gloppholmen på ausida av Turøy (KL)
- \* Grottevika/Kvernevika på Austsida av Turøy (KL)
- \* Vestsida av Dyrøy (KL)
- \* Barmane på vestsida av Algrøy (KL)
- \* Eidesvågen ved Sekkingstad (KL)
- \* Kongevika ved Algrøy (KL)
- \* Skjervika ved Algrøy (KL)
- \* Indre del av Skorposen (KL)
- \* Austsida av Hissøy (KL)
- \* Vestsida av Lønøy (KL)

- \* *Kjereide (KL)*
- \* *Vardøysund ved Ongeltveisjøen (KL)*
- \* *Ausrevågen/Skardbogvika ved Vindenes (KL)*
- \* *Gavlen på sørlege del av Little-Sotra (KL)*
- \* *Bildøysund (KL)*
- \* *Sørsvågen på Bjørøy (KL)*
- \* *Haganesvik i Skogsvågen (KL)*

**Retningslinjer:** Føremålet skal sikre gode fiskeområde, gyte- og oppvekstområde og kastes- og låssettingsplassar. Føremålet regulerer ikkje tilhøva mellom t.d. næringsfiske og fritidsfiske.

### Friluftsområde i sjø - FR

- \* *Områda ved Sandøy/Gullo i Landroosen*
- \* *Kårtveitpollen*
- \* *Nord- og sørsida av Lokøyosen (v/Ytstholmane og Hissøy/Narøy)*
- \* *Vindenespollen (indre del)*
- \* *Arefjordpollen (indre del)*
- \* *Nordrevågen ved Knappskog*
- \* *Råsundet ved Råna*
- \* *Snekkevik*

**Retningslinjer:** Føremålet skal sikre attraktive område for friluftslivet mot inngrep som kan redusere opplevingsverdiane, bruken av eller tilkomsten til områda.

Det må og takast rimeleg omsyn til friluftsinteressene ved lokalisering av avlaupsleidninger o.l i nærlieken av dei avgrensa friluftsområda dersom det kan påverke vasskvalitet og resipienttilhøve. Føremålet inneber i utgangspunktet ikkje restriksjonar mot andre fleirbruksaktivitetar som t.d. tradisjonelt fiske, ferdsle etc.

Mindre tilretteleggingstiltak for friluftsføremål som t.d. oppmerking av badeområde, båtfeste etc. kan tillatast.

### Naturområde i sjø - NA

- \* *Sørsida av Lønøy*
- \* *Ringaskjer på austsida av Bjørøy*
- \* *Haganesvika i Skogsvågen*

**Retningslinjer:** Føremålet skal sikre naturverdiane - dvs. områda bør liggje mest mulig urørt.

Det må og takast rimeleg omsyn til naturmiljø og verneinteresser ved lokalisering av avlaupsleidningar o.l. i nærlieken av dei avgrensa naturområda dersom dei kan påverke vasskvalitet og resipienttilhøve.

### Hamneområde - HA

- \* *Austsida av Turøy*
- \* *Sollsvik*

- \* *Ongeltveitsjøen*
- \* *Nordsida av Algrøy*
- \* *Møvik*
- \* *Vestsida av Syltøy*
- \* *Vindenes/Ågotnes*
- \* *Bjørøyhamn*
- \* *Knarrevik*

**Retningsliner:** Føremålet skal sikre hamneområde for både nyttetrafikk, fiskebåtar og fritidsbåtar. Føremålet inneber ingen prioritering mellom dei ulike brukstypane.

Det må takast rimeleg omsyn til tilfrott og tilgjenge til hamnene ved eventuell lokalisering av faste installasjonar/oppdrettsanlegg i nærleiken av hamneområda.

## 5. REGLAR FOR SAKSHANDSAMING

### 5.1 Hovudrevisjon og rullering

*Hovudrevisjon* av kystsoneplan for Fjell finn stad kvart fjerde år, første gong i 1995.

Det kan gjennomførast *rulling* av planen, dvs. løpende endringar av nærmere definerte plantema, etter kvart som tilhøva gjer slike endringar naudsynt.

Formannskapet gjer vedtak om rullering, evt. etter framlegg frå andre instansar.

Kommunestyret gjer endeleg planvedtak.

### 5.2 Uttale frå kommunen i einskildsaker

Dette gjeld m.a. fiskeripolitiske saker, konsesjonssaker for oppdrett m.v.

Uttaler som er i samsvar med kystsoneplanen.

Uttale vert gjeven på grunnlag av tilråding frå:

- kulturkonsulenten
- teknisk sjef
- leiar i viltnemda
- fiskerirettleiaren
- andre som uttalar seg under offentleg utlegging.

Teknisk sjef samordnar handsaminga, herunder offentleg utlegging, og utformar framlegg til uttale m.v. i samsvar med prinsippet om fullført sakshandsaming.

Rådmannen gjev endeleg uttale på vegne av kommunen.

Formannskapet skal haldast løpende orientert om delegasjonsvedtak etter desse retningslinene.

Uttaler som inneber dispensasjon frå kystsoneplanen.

Uttale vert gjeven på grunnlag av tilråding frå:

- Hovudutval for kultur/friluftsnemda
- Hovudutval for teknisk sektor/bygningsrådet  
(inkl. realitetshandsaming av dispensasjonsspørsmål)
- Fjell fiskerinemd
- Fjell viltnemd
- Andre som uttalar seg under offentleg utlegging.

Kommunen vil leggje særleg tilrette for at Fjell fiskarlag og Øygarden og Sotra fiskeoppdrettelag skal få høve til å gje uttale.

Teknisk sjef samordnar handsaminga, herunder offentleg utlegging, og utformar saksførelegg m.v. på vegne av rådmannen i samsvar med prinsippet om fullført sakshandsaming.

Formannskapet gjev endeleg uttale på vegne av kommunen.

Formannskapet kan berre gje uttale som inneber dispensasjon frå kystsoneplanen dersom hovudutvalet for teknisk sektor/bygningsrådet først har gjort vedtak om slik dispensasjon.

### **5.3 Kommunale vedtak i einskildsaker**

Dette gjeld plansaker, byggesaker etc.

#### Vedtak som gjeld plankrav.

Hovudutval for teknisk sektor/bygningsrådet gjer vedtak om mogelege plankrav i samband med handsaming av søknader om byggeløyve, samt frådeling til slike føremål i strand- og kystsona \*), jfr. plan- og bygningslova, §§ 23, 28-2, 84 og 93.

Det skal som hovudregel krevjast godkjend reguleringsplan før det vert gjeve bygge- eller frådelingsløyve i strand- og kystsona for arbeid eller føremål som er i strid med kommuneplan og kystsoneplan.

Før det vert gjeve bygge- eller frådelingsløyve for landbaserte oppdrettsanlegg, skal det alltid krevjast godkjend reguleringsplan.

#### Vedtak som gjeld dispensasjon.

Når særlege grunnar tilseier det kan hovudutval for teknisk sektor/bygningsrådet gje dispensasjon frå plan- og bygningslova, føresegner, arealdele av kommune- og kystsoneplanen m.v.

Kommunen vil likevel vera svært varsam med å gje dispensasjonar. I slike høve skal først kommuneplannemda og aktuelle hovudutval og nemder gje uttale.

Formannskapet skal haldast løpande orientert om vedtak som inneber dispensasjon frå kommune- og kystsoneplan.

\*) Med omgrepene *strand og kystsona* forstår ein her det såkalla 100-metersbeltet langs sjøen og dei sjøareala som kystsoneplanen sin arealdel omfattar.

## **PLANKART**

# KYSTSNEPLAN FOR FJELL KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØOMRÅDA - PLAN OG BYGNINGSLOVA § 20-4

## OMRÅDE SOM ER BANDLAGT/SIKRA

- Sikra friluftsområde -SF
- Sikra naturvernområde -SN

## BRUK OG VERN AV SJØOMRÅDE

- Fiske, ferdslé, natur og friluftsområde - FFNF
- Akvakultur, fiske og ferdsléområde - AFF
- Skjelsand, fiske og ferdsléområde - SFF
- Fiskeområde - kaste/åssettsplass - FI • KL
- Akvakulturområde - AK
- Friluftsområde - FR
- Naturområde - NA

## VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

- Hamneområde - HA



Arbeid og tiltak som nemnd i PBL, §§ 84 og 93 må ikke være i strid med den arealdisponering som er vist i planen.

Det er gitt nærmere retningslinjer for arealbruken i tekstdelen til planen.

FJELL KOMMUNE • NORSK INSTITUTT FOR VANNFORSKNING

26. SEPTEMBER 1991

Kartgrunnlag målestokk 1:50 000 oppfotografert - tilatelesnr. 92/91 Statens Kartverk.  
Kartets målestokk 1:35 000.



---

Norsk institutt for vannforskning



NIVA

Postboks 69 Korsvoll, 0808 Oslo  
ISBN 82-577-1995-1